



Leigeavtale – Areal til hestesportsenter og bustadområde

Mellom:

Fyresdal kommune (heretter kalla «Leigetakar»)
og
Aase Øksland (heretter kalla «Utleigar»)

1. Bakgrunn og føremål

Leigetakar ønskjer å etablere eit nytt hestesportsenter i kommunen for å fremje idrett, kultur, friluftsliv og næringsutvikling, og å sikre seg framtidig bustadareal som er relativt sentrumsnært. Utleigar eig eit areal som er eigna til føremålet, og partane har kome fram til denne bindande avtalen om leige av arealet.

2. Areal

Leigeobjektet omfattar eigedom gnr. 38 bnr. 11 i Fyresdal kommune. Endeleg avgrensing og storleik skal fastsetjast ved oppmåling og vedleggast denne avtalen som kartskitse (vedlegg 1).

3. Føremål med bruken

Leigearealet skal nyttast til etablering og drift av hestesportsenter med tilhøyrande anlegg og infrastruktur, samt framtidig bustadområde.

4. Leigetid

Leigeperioden er 10 år, rekna frå avtalesignering. Leigetakar har rett til å fornye avtalen for nye 10-årsperiodar utan avgrensing i antal, i minimum 40 år totalt. Fornying skjer ved skriftleg melding seinast 6 månader før perioden går ut.

Om kommunen ynskjer å seie opp avtalen, skal det i samråd med eigar avtalast korleis arealet skal tilbakeførast. Arealet kan anten overtakast av eigar i den tilstanden det er, eller setjast tilbake til den stand det var i ved inngåinga av leigeavtalen.

5. Leigesum og regulering

Leigesum: kr. 1,50 pr. m² pr. år, rekna av det arealet som til ei kvar tid er regulert og stilt til disposisjon. Leigesummen vert regulert i samsvar med konsumprisindeksen (KPI) kvart 5 år.

6. Reguleringsplan og løyve

Leigetakar skal sørge for at området vert regulert til føremålet eller at det blir gitt naudsynt dispensasjon. Kostnader til reguleringsarbeid og offentlege løyver ber Leigetakar.

4.5

Aa

7. Tilkomst og tilrettelegging

Utleigar skal gje Leigetakar naudsynt tilgang til arealet for planlegging, måling og bygging. Leigetakar står for opparbeiding og tilrettelegging av området.

Leigetaker ber ansvar for vegvedlikehald inn til arealet.

Leigetakar er sjølv ansvarleg for å skaffe naudsynte løyve dersom det skal leggjast eller brukast veg over annan manns grunn. Utleigar kan ikkje haldast ansvarleg dersom slike løyve ikkje vert gjevne.

8. Kostnadsdeling

Kostnader til takst, reguleringsarbeid og oppmåling fell på Leigetakar.

9. Skog på arealet

Ståande skog på leigearealet tilhøyrrer Utleigar. Leigetakar avgjer behov for avvirkning. Oppgjer for tømmer skjer etter gjeldande tømmerprisar og betalast til Utleigar. Leigetakar dekkjer sjølv kostnader til avvirkning.

10. Sal av bustadtomter

Ved sal av bustadtomter frå arealet skal tomtearealet seljast frå Utleigar til Leigetakar eller direkte til tomtekjøpar for kr. 55,- pr. m². Arealet som vert seld, skal gå til frådrag i leigegrunnlaget.

11. Kjøpsoppsjon for Utleigar

Leigetakar gjev utleigar ein rett til å selge heile leigearealet innan 10 år frå signering av denne avtalen til ein pris på kr. 35,- pr. m². Prisen konsumprisjusterast, men ikkje før 2 år etter signering av avtalen. Leigebetalningar kjem til frådrag i kjøpesummen.

12. Konfidensialitet

Partane forpliktar seg til å handsame all informasjon som vert utveksla i samband med denne avtalen konfidensielt, med mindre anna følgjer av lov eller er skriftleg avtalt.

13. Tvistar og verneting

Tvistar om forståing eller gjennomføring av avtalen skal søkjast løyst i minnelegheit. Dersom dette ikkje lukkast, skal saka bringast inn for Vest-Telemark tingrett.

14. Godkjenningar

Avtala er gjeldande etter positivt vedtak i kommunestyret.

15. Signering

Denne avtalen er utfërda i to eksemplar, eitt til kvar av partane. Avtalen er bindande frå signeringstidspunktet.



Stad: 28/9-25, dato: Fyresdal

For Fyresdal kommune:

Erik Skjervagen

Namn: Erik Skjervagen
Ordfører



FYRESDAL KOMMUNE
ORDFØRAR


Utleigar:

Aase Øksland

Namn: Aase Øksland

Vedlegg 1: Kart over leigeareal

Fyresdal kommune



Ag
4,5

